



Telepost 6/2008, .nov 2008

Gode teledagsvener!

Årsmøtet nærmar seg med stormskritt og naturleg nok julefesten. Eg gjekk litt motvillig til jobben som styreleiar, men det er jo ikkje noko problem å overta eit lag der rutinane er gode. Når styret og nemnder består av kompetente medlemmer som utfyller kvarandre og tar eit tak når det er naudsynt og leiaren gjeng litt i spinn, er det faktisk ganske hyggelig å være leiar. Me er mange på øvingane, har god tilgang på flotte speledamer og spelemenn og ikkje minst: det kjem mange ”gammalkjente” innom saman med alle dei nye. Fortsett med det!

Eg har fått vera med på fleire gode leiarmøtar i BLS og fått mange innspel på kva me kan gjera for å skape trivsel i laget. Det er vel og bra, men det viktigaste er at kvar enkelt av oss har eit ansvar for å skape eit triveleg miljø i laget.

Styret håper at så mange som mogleg møter opp på årsmøtet 27.november.

Den 4. desember har me joleavslutning i Teledagene og me vil nytte denne dagen til å markera at Teledagene i år er 125 år!! Me har vore så heldige å få Kenneth de Gala til å spele for oss på julefesten. Kenneth blei kåra til landets beste dansespelemann på landskappleiken i år og er vel verdt å høyre på.

Vel møtt alle saman!

Live

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I TELELAGET I OSLO.

Det vert med dette kalla inn til
Årsmøte i Teledagene i Oslo
torsdag 27. november 2008 klokka 20.00

sakliste:

- 1) Val av møteleiar og skrivar
- 2) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 3) Årsmelding 2008
- 4) Rekneskap 2008
- 5) Arbeidsplan 2009
- 6) Budsjett 2009
- 7) Gjennomgang av vedtektene
- 8) Brønnøysundregisteret
- 7) Val

Kva skjer frametter

- | | |
|------------------------|--|
| 27. november kl. 20.00 | Årsmøte i Teledagene, Blåsalen, Nordahl Brunsgate 22 |
| 29.november kl 20.00 | Konsert/dans m/Buen Garnås & Mjelva, Energimøllen, Kongsberg |
| 4. desember kl. 20.00 | Joleavslutning i Teledagene, Halli i Nordahl Brunsgate 22 |
| 6.desember kl 19.00 | Julekonsert og dans i Levinsalen, Musikkhøgskulen |
| 15.desember kl 20.00 | Julekonsert, MS Innvik (Bjørvika) |
| 15.januar kl 20.00 | Fyrste øving i Blåsalen etter jul !! |

Med helsing styre og stell



Joleavslutning
i
Telelaget

Torsdag 4. desember kl.20

i

Halli, Nordahl Brunsgt 22

Pris kr. 100

***Spel og underhaldning: Kenneth
de Gala***

Kaffi, skivur og kakur